

Vekeplan 9. trinn

Veke 7 og 8

LÆRINGSMÅL DENNE PERIODEN:	
Norsk	• Uttrykka seg munnleg med bruk av appellformer og språklege verkemiddel • Vera kreativ når du forbereder, skriv og held ein tale • Vera ein god og oppmerksam lyttar når andre talar
Engelsk	• Preparing for the listening and reading section of English exam • Learn about greek history and mythological stories • Finding information that is not in the text (deduction)
Matematikk	• Læra om ulike tredimensjonale figurar og eigenskapane deira • Finna volumet av tredimensjonale figurar • Finna areal av overflata til tredimensjonale figurar
Samfunnsfag	• Forklara viktige årsaker til første verdskrigen • Reflektera over om krigen kunne vore unngått • Vurdera kva konsekvensar første verdskrigen har hatt heilt fram til våre dagar • Bruka digitale ressursar til å finna og behandla historiske kjelder • Forklara årsaker til og konsekvensar av den russiske revolusjonen • Forklara årsaker til at fascismen fekk fotfeste
KRLE	• Utforska og presentera sentrale trekk ved kristendommen • Forklara korleis kristendommen vart ein eigen religion og spreidde seg til heile verda • Utforska og drøfta korleis kristendommen inngår i historiske endringsprosessar globalt og nasjonalt • Bruka og drøfta sentrale kristne omgrep • Utforska kristne sine perspektiv • Presentera viktige trekk ved dei stor kristne trussamfunna • Vurdera kritisk ulike kjelder til kunnskap om kristendommen
Naturfag	• Skriva om neversystemet og forklara korleis nervesignal blir overførte frå ei celle til den neste • Skriva om funksjonen til nokre hormon og kvar dei blir danna • Skriva om likskapar og skilnader mellom nerve- og hormonsystemet • Gje døme på nokre sjukdommar i nerve- og hormonsystemet
Spansk	• Jobba med presens perfektum på spansk. Kva har du gjort? • Repetera verbet HABER • Læra om spansktalande kultur: Catalonia
Tysk	• Kunna skriva setningar om frå presens til presens perfektum • Kunna fortelja om kva du gjorde forrige sommar (bruka presens perfektum)
Eng fordj	• Work with grammar –past, present and future, use of irregular verbs • Continue to watch the dystopian movie “The Maze Runner”
Arbeidslivsfag	• Arbeida sjølvstendig og sjå kva som må gjerast i jobben • Yta service for kundar • Øva på og snakka med andre ansatte på arbeidsplassen
Kroppsøving	Fotball • Trena på og utvikla ferdigheiter i varierte bevegelsesaktivitetar • Trena på og utvikla ferdigheiter i lagidrettar og alternative bevegelsesaktivitetar/individuelle idrettar.

	Innsats: • Praktisera innsats ved å bruka egne ferdigheiter og kunnskapar på ein slik måte at det kan medverka til framgang for andre • Prøva å løysa faglege utfordringar etter beste evne utan å gje opp, visa sjølvstende, utfordra eigen fysisk kapasitet og samarbeid med andre
M&H	• Planleggja og bruka eigna reiskap, teknikkar og matlagingsmetodar til å laga trygg og berekraftig mat som gir grunnlag for god helse • Utforska klimaavtrykket til matvarer og gjera greie for korleis matval og matforbruk kan påverka miljøet, klimaet og matsikkerheita • Laga mat frå norsk og samisk kultur og frå andre kulturar og samanlikna og utforska råvarer og matlagingsmetodar som blir brukte i ulike matkulturar
Musikk	• Spela akkordar og songar på gitar eller piano.
Kantine	• Vita kva vurderingskriteria for faget er • Planlegga dei praktiske øktene • Laga god og ernæringsriktig mat • Halda god hygiene • Jobba med rekneskap og plakatdesign • Gjennomføra sal • Hugs forkle og hårstrikk til alle kjøkkenøkter
Friluftsliv	• Planlegga eigentur • Gjennomføra turar i nærområdet • Ha sporlaus ferdsl
Design/redesign	• Redesigna i ulike materiale på ein kostnadseffektiv og miljøbesparende måte.
Innsats for andre	• Planleggja og utvikla sosiale tiltak som bidreg til eit inkluderande samfunn • Følgja etiske retningslinjer og tilpassa kommunikasjonen til ulike målgrupper
Olweus	• Inkludera medelevar i friminutta

INFORMASJON TIL HEIMEN

Prosjekt om mat og lokal identitet

I veke 8 skal me i gang med eit prosjekt om mat og lokal identitet. Elevane skal lære om jørske mattradisjonar på mange måtar. Me skal på Garborgsenteret og høyra på eit foredrag om Hulda Garborg, hustell og matoppskrifter. I mat og helse skal me laga tradisjonsmat og prøva nokre av oppskriftene til Hulda Garborg. Me får besøk av Håland kjøtt som skal snakka om kortreist mat, berekraft og jørske mattradisjonar. Bjørn Hagerup frå bryne FK skal koma og snakka om lokal identitet og matfatet me har på Jæren. Utover våren skal me sykla til Jærmuseet, der me skal lære meir om mattradisjonar. Der skal me laga smør og steika potetkaker. I tillegg skal me få besøk av Time bygdekvinnelag og me skal på eit gardsbesøk. Elevane skal og ta med seg ei matoppskrift med tradisjonsmat dei lagar heime, og oppskriftene skal me setja i saman til ei kokebok. Me gler oss til spennade veker.

Foreldremøte 4. mars

Det blir foreldremøte 4. mars kl 18.00 i aulaen. Innkalling til møtet kjem etter kvart. Set av dagen i kalenderen!

Skitur

Me jobbar mot ein skitur for trinnet i veke 10. Når dei siste detaljane er planlagt vil me senda ut meir informasjon om turen.

Valfag

I veke 7 kan elevane velga kva valfag dei ønskjer på 10. trinnet i ei Formsundersøking. Dei kan endra på vala sine fram til vinterferien.

Elev- og utviklingssamtalar

Kontaktlærarane startar opp med elevsamtalar i veke 7. Utviklingssamtalane vil vera i veke 11-13

Volleyballturnering

Valfag innsats for andre held på med å planleggja ei volleyballturnering for heile trinnet. Dette blir fredag 20. februar i 4.-6. time. Me gler oss til eit opplegg for heile trinnet

Helsing oss på 9.trinn

PRØVAR, INNLEVERINGAR OG FRAMFØRINGAR

Fag	Kva	Vurdering	Veke/dato
Samfunnsfag	Fagsamtale i gruppe	Karakter	Veke 7
KRLE	Skriftleg prøve	Karakter	ABCD – tirsdag v.8 E – onsdag v.8
Engelsk	Listening & Reading test	Karakter	V. 8 siste engelsktime i veka

HEIMEARBEID VEKE 7

Norsk	Les 3 * 20 minutt i boka di. Legg inn kor mange sider du har lese, og skriv eit lite samandrag på OneNote i slutten av veka.
Engelsk	Lytt til lydfil om "Ironie Punishments" på ON. 9B: se oppgåve på ON
Matematikk	Gjer oppgåve 3.104, 3.105 s. 114 i oppgåveboka. Gjer oppgåve 3.122 s. 123
Samfunnsfag	Øv på fagsamtale i samfunnsfag
KRLE	Øv på KRLE prøven
Naturfag	Gjer oppgåvene 1, 2 og 6 side 114 i Solaris 9.
Spansk	Førebu deg på å seia 3 ting du har gjort i helga. Dette skal du gjere på tysdag.

Tysk	Skriva ein tekst om «Vorrigen Sommer» Kva gjorde du? Skriv minst 10 setningar der du brukar presens perfektum. (Vorrigen Sommer bin ich in Dänemark gewesen...Bruk ulike verb!)
Eng fordj	Read the text about Fool's Day and answer the questions (ON), grammar exercise 31 ON
Kroppsøving	Fotball: Hugs å ta med gymklede og sko til å vera inne.
Musikk	Øv godt i timane og dersom du ikkje får tilfredstillande progresjon, må du øva utanom.
M&H	På kjøkkenet: Me skal laga jærske tradisjonsmat. • kjøttkaker i brun saus • poteter • kålstuing • ertestuing • vannbakkels I teoritimane skal me jobba med lokal mat og matproduksjon og tradisjonelle matoppskrifter HEIMEARBEID Spør dei heime (foreldre eller besteforeldre) etter ei typisk jærske oppskrift. Me skal samla oppskriftene og laga ei digital kokebok i kvar klasse.
Kantine	Vegard si gruppe lagar mat Anne Marie si gruppe møter i 9A sitt klasserom
Friluftsliv	Møt i klasserommet til 9C. Du skal planlegga eigenturen din.
Innsats for andre	Møt i klasserommet til 9D.

HEIMEARBEID VEKE 8	
Norsk	Les 3 * 20 minutt i boka di. Legg inn kor mange sider du har lese, og skriv eit lite samandrag på OneNote i slutten av veka.
Engelsk	Førebu deg til Listening & Reading prøve denne veka. Du finn førebuingsshefte på ON.
Matematikk	Teikn figurane og gjer oppgåve 3.135 s. 132 i oppgåveboka om volum av sylinder. Gjer oppgåve 3.109 s. 117 og 3.119 s.122 i oppgåveboka
Samfunnsfag	Sjå ei nyheitssending i løpet av veka: Dagsrevyen 21 - NRK TV. Skriv 3 setningar om to av nyheitssakene
KRLE	Lag eit tankekart over det du allereie veit om Islam
Naturfag	Svar på dei følgjande spørsmåla, og lever svara dine i OneNote: • Kva er adrenalin, og kvar blir det danna? • Forklar kvifor adrenalin blir kalla flykt-eller-kjemp-hormonet. • Skriv litt om ein gong du sjølvde opplevde adrenalinet sin verknad i kroppen. Kva var det som skjedde, og korleis opplevde du det? Gjer oppgåve 8 s. 117 i Solaris 9.
Spansk	Gjer ferdig video om kva du skal gjera i vinterferien.
Tysk	Gjer grammatikkoppgåver på A-univers om presens perfektum.

Eng fordj	Write 10 sentences – I like or I dont like to receive guests.
Kroppsøving	Fotball: Hugs å ta med gymklede og sko til å vera inne.
M&H	På kjøkkenet: Me skal laga jærsk tradisjonsmat. • kjøttkaker i brun saus • poteter • kålstuing • ertestuing • vannbakkels I teoritimane skal me jobba med lokal mat og matproduksjon og tradisjonelle matoppskrifter HEIMEARBEID matSpør dei heime (foreldre eller besteforeldre) etter ei typisk jærsk oppskrift. Me skal samla oppskriftene og laga ei digital kokebok i kvar klasse.
Musikk	Øv godt i timane og dersom du ikkje får tilfredstillande progresjon, må du øva utanom.
Kantine	Anne Marie si gruppe lagar mat Vegard si gruppe møter i 9A s
Friluftsliv	Avspasering. Du skal på eigentur denne eller neste veke. Hugs å forbereda ein presentasjon som du skal visa til klassen etter vinterferien.
Innsats for andre	Møt i klasserommet til 9D.